

Saksbehandlar: Eva Moberg, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/3477-3

## **Oppnemning av styremedlem til Stiftinga Sagastad**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som styremedlem til Stiftinga Sagastad vert vald:

#### Vedlegg:

1. Førespurnad, datert 16.05.14, om representant frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til styret i Stiftinga Sagastad
2. Prosjektomtale Stiftinga Sagastad

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Det ligg føre spørsmål frå interimsgruppa for Stiftinga Sagastad på Eid om fylkeskommunen vil nemne opp eit medlem til styret for stiftinga, jf. vedlegg 1.

Fylkesdirektøren orienterte hovudutvalet om dette gjennom eit notat til møtet 27.mai. Utvalet ba om å få dette som sak til møtet 17.juni.

Det er gjennomført eit forprosjekt som grunnlag for arbeidet i stiftinga. Prosjekteigar i forprosjektet har vore Nordfjordeid Næringshage AS og Eid kommune. Fylkeskommunen har gitt tilskot til forprosjektet.

Føremålet for Stiftinga Sagastad er å etablere og drive eit viten- og opplevingssenter. Senteret vil ta utgangspunkt i funna som er gjort på Myklebost på Nordfjordeid. Ein sentral del av opplevingssenteret vil vere rekonstruksjon av vikingskipet Myklebustskipet i full storleik. Sagastad vil elles formidle Nordfjordregionen sin rike historie frå steinalder til mellomalder.

Stiftinga Sagastad er tenkt etablert som ei næringsdrivande stifting.

Styret i Stiftinga Sagastad vil bestå av 8 medlemmar og vere samansett slik:

- 1 medlem kvar vald av Universitetsmuseet i Bergen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Eid kommune
- 5 medlemmar valde av årsmøtet i Stiftinga Sagastad

I tillegg vil stiftinga ha 2 faste heile stillingar:

- Dagleg leiar
- Utstillingskoordinator/teknisk ansvarleg

Stiftinga Sagastad har sett skipingsmøtedato til den 16.06.14.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Det følgjer av Delegeringsreglementet punkt 4.1 at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Oppgåvene som Stiftinga Sagastad skal ivareta, er relevante både for kultur- og næringssektoren. Det skal etablerast kulturbasert næringsutvikling basert på historie og kultur frå Nordfjordregionen. Kulturminne og kulturhistorie skal takast i bruk som viktige ressursar i lokalsamfunnsutviklinga. Både kulturavdelinga og næringsavdelinga i fylkeskommunen vil kunne bidra med kompetanse, uavhengig av om det vert oppnemnt styremedlem eller ikkje.

Interimstyret for Stiftinga Sagastad har sett opp budsjett og finansieringsplan for investeringane, og baserer ei realisering av prosjektet på ein kombinasjon av tomteverdi, tilført kapital, tilskot, eigenkapital og lån. Driftsbudsjettet er tenkt dekkja gjennom billettinntekter, suvenirsal, arrangement, donasjonar, m.m.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette ei spenstig satsing med stort behov for å hente inn privat kapital. Dei vurderer besøkstala for senteret til å ligge opp under 90 000 årleg (etter tre års drift). Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette eit høgt tal i seg sjølv, og også eit høgt tal å nå på så kort tid. På andre sida, om dei når tak i cruiseturistane i nærområdet, kan det gje gode besøkstal for senteret.

Eid kommune har stillt tomt til ein verdi av 10 mill kroner til rådvelde for stiftinga, og vil gå inn med 1 mill kroner i aksjekapital i eit eigedomsselskap som skal stå for bygging av bygget og leige dette ut til Stiftinga Sagastad.

Fylkeskommunen er ikkje bedt om å vere medstiftar, men invitert til å peike ut eit styremedlem. Ei stifting er sjølveigande, og styremedlemmane sit der i kraft av eigen kompetanse. Dei skal fremje stiftinga sitt føremål, og representerer ingen andre enn seg sjølv. Ut frå dette vil eit styremedlem peika ut av fylkeskommunen ikkje representere fylkeskommunen, men seg sjølv.

Om fylkeskommunen nemner opp styremedlem vil ikkje dette kunne legge føringar på framtidig økonomisk støtte frå fylkeskommunen. Vi har ikkje økonomiske ressursar å setje inn i prosjektet til investering og drift. Ut frå dagens økonomiske utsikter kan det også sjå ut til å ta lang tid før fylkeskommunen er der at vi har friske midlar til nysatsingar om det skulle komme ein søknad. Eventuelle søknader om tilskot frå fylkeskommunen må uansett handterast innan gjeldande rammer i samband med dei årlege budsjettprosessane.

Sjølv om det formelt sett betyr lite kven som nemner opp styremedlemmane, vil det etter fylkesdirektøren sine vurderingar vere positivt for samarbeidet med stiftinga Sagastad om fylkeskommunen nemner opp eit styremedlem. Ifølgje framlegg til vedtekter vert styret valt for fire år. Det vert ikkje oppnemnt varamedlem.

## **3. Konklusjon**

På bakgrunn av ovannemnde, rår fylkesdirektøren til at det vert oppnemnd styremedlem til Stiftinga Sagastad.